

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2015. Fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2014 til 2015. Som frie inntekter er her rekna inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap for 2014. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren frå 2014 til 2015 er anslått til 3,0 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten. Skatteinntektene blir anslått ut ifrå det samla skatteanslaget for 2014 og 2015 for fylkeskommunane, og fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2013. For skatt på inntekt tek ein for kvar fylkeskommune utgangspunkt i skatt per innbyggjar i 2013, framskrive med innbyggjartalet i 2014. Ut ifrå skatt i 2013 framskriven med innbyggjartal for 2014, blir det rekna ut kva del som kvar fylkeskommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag på inntekt mellom fylkeskommunane både for 2014 og 2015. I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert.

I berekninga blir naturressursskatten halde konstant, dvs. på 2013-nivå (inntektsåret 2012).

Tala for rammetilskot 2014 er henta frå nivå ved revidert nasjonalbudsjett 2014. Rammetilskotet for 2015 er vist i tabell 1-fk.

Sidan ein her reknar med at skatteinntektene berre varierer med innbyggjartalet, vil avvik frå veksten på landsbasis berre skuldast endringar i rammetilskotet frå år til år.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2014 korrigererte for oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2015. I 2015 er summen av desse endringane 446,5 mill. kroner. Korreksjonar i 2015 er viste i innleiinga til Grønt hefte. Alle oppgåvekorrigeringar er gjort på fylkeskommunenivå, med unntak av korreksjon for kompensasjon for endring i differensiert arbeidsgjevaravgift.

Veksten i frie inntekter frå 2014 til 2015 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2014. Ny informasjon om skatteinngangen dei siste månadene trekkjer i retning av lågare vekst i skatteinntektene til kommunesektoren i 2014 enn det som er lagt til grunn ved framlegginga av revidert nasjonalbudsjett for 2014. Skatteanslaget for fylkeskommunane for 2014 er nedjustert med 150 mill. kroner samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett. Skatteanslaget for 2015 er 29,050 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2014 til 2015, anslag rekneskap, er nominelt 4,1 prosent. Inntektsveksten rekna frå anslag revidert nasjonalbudsjett 2014 er 3,9 prosent.

Skjønstilskot som blir fordelt under året for 2014 og for 2015 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune, men i landssummen. Ufordelt skjøn består i 2014 av 100 mill. kroner sett av i statsbudsjettet for 2014, og 44 mill. kroner til kompensasjon for meirkostnader ved kjøp av

transporttenester etter endring i differensiert arbeidsgivaravgift, jf. Prop. 118 S (2013–2014). I 2015 består ufordelt skjøn av 236 mill. kroner, av det 136 mill. kroner i kompensasjon for meirkostnader ved endring i differensiert arbeidsgivaravgift.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2014

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2014. Skatteinntektene til fylkeskommunane er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2014 som ligg i nasjonalbudsjettet for 2015, med ein lik vekst for alle fylkeskommunane. Samanlikna med skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett 2014, inneber det ei nedjustering på 150 mill. kroner.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2014

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er teke utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane det er korrigerede for er omtalt nærare i innleiingsteksten til Grønt hefte, og i tabell C.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2015

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2015. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-fk. Ved berekninga av anslag på skatteinntektene til fylkeskommunane har departementet teke utgangspunkt i fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2013. Desse er framskrive i samsvar med befolkningsutvikling og skatteanslaget for 2014 og 2015 som ligg inne i nasjonalbudsjettet for 2015. Skatteanslaget for den einskilde fylkeskommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigert vekst frå 2014 til 2015

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2014 til 2015 for den enkelte fylkeskommune (kolonne 3 – kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigert vekst i pst. frå 2014 til 2015

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigert vekst frå anslag rekneskap 2014 til 2015.